

Stor smykke-----

Forts. fra side 1

Det er skulestyrar Kjell Gunnufsen som er primus-motor i arbeidet med steinane. Han satt i gong vaksenkurs i steinsliping i vinter. Nå var det ikkje så veldig mange som meldte seg med ein gong, men dei 8 som var med har verkeleg fått blod på tann, ja, såpass mykje at nokon av dei alt er i ferd med å kjøpe sitt eige utstyr.

Gunnufsen har lita tro på at dette kan utvikle seg til nokon heimeindustri i framtida, men ein både norosam og interessant hobby er dette i alle fall. I tillegg til vaksenkurset, har elevane hatt dette som formingsfag i vinter og interessa er også her på topp. Ein av dei har alt gitt mor si eit flott halssmykke til morsdagen, og fleire slike presangar vil nok følge i tida framover.

Steinane blir først skårne i skiver av passe tjukkelek, seinare blir dei skårne grovt til i eit anna apparat. Og så kjem pussinga i gang. Først skal steinen passast nøye til smykkeinnfatninga og så skal han fasongslipast med glatt og fin overflate. Og det er utruleg kor mykje fint ein kan få ut av stein.

Det er nå utarbeidd faste retningslinjer for bruken av steinslipeutstyret. Sjølv om dette er nokså ufarleg å arbeide med, er det ikkje kven som helst som får bruke dei utan tilsyn av fagmann. Men ut over det er det eit ønskje fra Iveland kommune om at flest mogeleg skal lære seg dette, og skulestova er flittig brukt også utanfor skuletid.

denne veka. Det skjedde etter at



Her er tre av elevane i full gang med å slipe kvar sin smykkestein.

Stor smykke- interesse i Iveland

Det er ikkje så få ringar og halssmykke som er blitt til i Iveland siden bygda fekk fullt steinslipeutstyr. Utstyret er plassert på Vatnestrømskole, og blir brukt av både voksne og barn. Og sjølv om Iveland i høgste grad er ei «steinbygd» blir dei fleste smykkesteinane henta utanfrå, frå utlandet eller andre delar av landet.

Ja, nokon smykker av

meir heimleg opphav er det nå blitt også.

Forts. side 6

OPTIKER - URMAKER

Optiske synsprøver

hos

arild MEDLEM AV:
NOF - NUF
WETTRE

TLF (043) 30618 · 4660 EVJE